4—57.

Dagbok nr.
03524 ✓ -2.8.61
NORDHORDLAND
SORENSKRIVAREMBETE

1405

Gjort.

11.5.2023

# Skyldskifteforretning

Ons dag den 26 juli 1961 heldt underskrivne skyldskiftingsmenn etter oppnemning frå lensmannen skyldskifte over garden Bjørkhaug av Villanger g.-nr. 18 b.-nr. 11 med skyld 0,84 mark i Hordabö herad. Skyldskiftet er kravt av Peder Monsen Villanger

som har grunnboksheimelen til den eigedomen kravet gjeld.[1])

Oppnemninga frå lensmannen ligg ved. Av skyldskiftingsmennene har desse gjevi skjønsmannslovnad[2]) før: Alle

Desse møtte på skyldskiftet:[3]) Seljar Peder Monsen Villanger og kjøpar Sigmund P. Villanger. Andre var ikkje turvande å varsla.

Til formann valde mennene Olav J. Risnes

Grensene for de*n* lut*en* av garden som er skild ifrå, går såleis som her vert sagt[4]:

1.[4]) *Areal:* Dyrka jord ........ dekar, naturleg eng og kulturbeite ........ dekar, produktiv skog ........ dekar, anna areal ........ dekar. I alt ........ dekar.

2. *Korleis grensene går:*[5])

Den frå skilde parsellen lig 49 m. nordanfor driftsbygningen på b.nr. 11. Merkeslina tek til i + i berg og går i vestleg leid til + i berg 12,7 m. vidare same leid til merkestein og vidare 11.7 m., vidare i nord-vestleg leid til + i berg 22 m. vidare i austleg

---

1 Når han som krev skyldskiftet ikkje har grunnboksheimel, vert forretninga ikkje å godtaka til tinglysing minder han ved dom er tilkjend eigedomsretten til den luten av eigedomen som skal skiljast ifrå (§ 1 i skyldskiftingslova).

2 Har nokon av skyldskiftingsmennene ikkje gjevi slik lovnad som nemnd i lov nr. 1 frå 1. juni 1917 § 20, skal han før forretninga vert halden, skriva under denne fråsegna, som vert å senda inn til sorenskrivaren saman med skyldskifteforretninga: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi skjønsmannsteneste samvitsfullt og etter beste overtyding. ........ den ........ 19....
N. N.»

3 Når nokon av dei partar eller grannar som forretninga vedkjem, ikkje møter, må forretninga innehalda opplysning om det ligg føre prov for at dei er varsla, eller når det gjeld grannar, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skyldskiftingslova).

4 Oppgåve over areal m. m. for den fråskilde luten, skal berre gjevast for areal som er over 2 dekar (jfr. § 9 i skyldskiftingslova).

5 Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ikkje skrivast opp her når desse eigarane ikkje er til stades og samtykkjer i det som er skrivi. Når mennene etter krav frå partane skifter marka med det same dei skifter skylda (§ 7 i lova), skal dei her taka med dei opplysningane som trengst om skiftinga. Ny bruksrett eller servitutt må ikkje stiftast i skyldskiftet utan at heftet er vedteki skriftleg av han som har grunnboksheimelen til den eigedomen som heftet skal liggja på (§ 5 i lova).

leid til merkestein [illegible] 12 m. vidare same leid til merkestein [illegible] 13 m, vidare i sydleg leid 22.5 m. til utgangspunktet der lina sluttar.

Parsellen er 549.5 m².

Sigmund Villanger.

1. Høyrer det jordbruk med skog til den eigedomen som vert delt? /

2. Får kvart jordbruk som det vert etter delinga, den skog som trengst til husbruk og gardsturft?

3. Høyrer det til den eigedomen som vert delt, jordbruk med fjellvidd, her medrekna fjellvatn, elvar og bekker?

4. Får kvart jordbruk som vert etter delinga, den fjellvidd som trengst til bruket? /

Vert det svara ja til spørsmål 1 og nei til spørsmål 2, *eller* vart det svara ja til spørsmål 3 og nei til spørsmål 4, skal det og svarast på desse spørsmåla:

5. Har heradstyret samtykt i skyldskifte? /

6. Eller meiner skyldskiftingsmennene at det er prov for at det stykket som vert skilt ifrå eigedomen, skal dyrkast opp eller nyttast til byggjetuft, veg, industritiltak eller anna slik føremål? Byggjetuft

7. Eller vert eigedomen skift med heimel i § 14 i lova frå 26. juni 1821 om odels- og åsetesretten? /

Skyldskiftingsmennene vitnar med dette:

a) At det ikkje vert stifta ny jordsameige med delinga. Vi har likevel samtykt i at av utmarka kan

/

nyttast saman av

for di vi meiner at det er ikkje tenleg å skifta meir.[1])

b) At kvart bruk har fått den form som etter tilhøva er mest tenleg for fredning og nytting.

Skylda for den fråskilde luten vart sett til 1 øre

Hovudbølet har då att i skyld 0,84

Det som står att av hovudbølet er: Dyrka jord ........ dekar, naturleg eng og kulturbeite ........ dekar, produktiv skog ........ dekar, anna areal ........ dekar. I alt ........ dekar.

Den fråskilde luten har fått til bruksnamn[2]) Vårdun

Avgjerd om kostnadene til skyldskifte og tinglysing: Vert greid av kjøparen

Det vart sagt til partane at det kan ankast over skyldskiftet til overskjøn i fall nokon av dei er misnøgd med skyldfastsetjinga eller markeskiftinga, og at krav om overskjøn må vera komi til sorenskrivaren, innan 3 månader frå den dag skyldskiftet vert tinglyst.

Vi seier frå at vi har gjort skyldskiftet etter beste skjøn og overtyding i samsvar med gjeven lovnad.

Vi har fastsett at kjøparen Sigmund P. Villanger skal syta for at skyldskiftet vert gjevi inn (sendt) til tinglysing.

Olav J. Rønnes    Martin H. Lykla    [illegible]

1 Stryk det som ikkje høver.
2 Til bruksnamn må ikkje i noke høve veljast eit namn som alt vert brukt til etternamn og som ikkje høyrer til dei heller vanlege (jfr. lov nr. 2 frå 9. februar 1923, § 21).

Går til ........................................ jordstyre.[1])

*Fråsegna åt jordstyret:*

20,-

20,-
2/8-61.

........................ den ................ 19........

........................................
formann

........................................
sekretær

Går til ........................................ landbruksselskap.

*Fråsegna åt fylkeslandbruksstyret:*

........................ den ................ 19........

........................................
formann

........................................
fylkeslandbrukssjef

Godteki til tinglysing 61 ... 2 aug. den 61 19........

Tinglyst ~~ved~~ 3 august 1961

De*n* fråskilde lut*en* har fått g.nr. 18 b.nr. 25.

For tinglysing kr. ..................

[1] Melding om forretninga skal ikkje sendast til jordstyret dersom skyldskiftinga gjeld eit areal på under 2 dekar.